

# NY KYRKJELOV

“**L**ov om den norske kyrkja” vart vedteken 18. april 1996 etter fleire års førebuing og arbeid (Lova vert truleg endeleg sanksjonert i statsråd i juni 96.). Lova er eit viktig steg i reformarbeidet med å auke det kyrkjelege sjølvstyret på lokalplan. Samtidig skal lovverket verte meir oversiktleg ved at alle lovreglar som vedrører den norske kyrkja no er samla i berre 2 lover (kyrkjelova og gravferdslova). “Lov om diakonteneste av 31. mai 1986” er av dei lovene som fell bort. I denne artikkelen skal vi sjå på nokre konsekvensar ved kyrkjelova, særleg i forhold til diakonien og arbeidsforhold for diakonar.

## DEI VIKTIGASTE ENDRINGANE

Soknet vert rettsleg og administrativt sjølvstendig i forhold til kommunen, medan kommunen framleis vil ha økonomiske plikter overfor kyrkja. Det skal opprettast kyrkjeleg fellestråd i alle kommunar med meir enn eitt sokneråd. Sokneråda vil ha hovudansvar for “det kristelege livet” i kyrkjelyden, medan fellestrådet får hovudansvar for administrasjon, økonomi og koordinering av felles planar og interesser. Profesjonslovene vert oppheva, og alle yrkesgrupper utanom statlege prestestillingar får fellestrådet som arbeidsgjevar. Organist, klokkar, kyrkjetenar og dagleg leiar av fellestrådet er lovpålagte stillingar.

## SVEKKA DIAKONI?

Kyrkjelova er like rund og omtrentleg i omtalen av diakoni som den gamle kyrkjeordningslova var.

§ 2 i Lov om diakonteneste lanserte soknediakonstillinga med særleg ansvar for utøving og utvikling av diakonien og gav retningslinjer for statleg

delfinansiering av stillingane. Soknediakonstillinga er ikkje nemnt i den nye lova. Derimot omtalar § 15 at utgifter til diakoni skal medrekast i fellestrådet budsjettforslag, utan at det er spesifisert til lønsmidlar. § 23 gjev riktignok signal om at statlege tilskot til stillingar innan kyrkjeleg diakoni



framleis skal fordelast gjennom bispedømeråda, “etter nærare reglar”. Vi ottar utelatinga av sentrale ord i lovteksten kan føre til ei svekking av diakonien. Vi får vone at behovet for styrking av eigen administrasjon i kyrkjelydane ikkje vil gå ut over satsinga på diakoni når knappe ressursar skal fordelast lokalt, og at bevilgande styresmakter framleis har syn for tildeling av kyrkjelege diakonstillingar.

## DIAKONIKONSULENT PÅ BISPEDØMEPLAN

Denne stillinga vil ikkje lenger vere lovbestemt. Medan § 3 i Lov om diakonteneste slo fast at det ved kvart bispedømekontor skal vere ein diakonikonsulent som skal arbeide for at diakonatet vert innarbeidd og utvikla i kyrkjelydane, overlet § 23 i kyrkjelova dette ansvaret til Kyrkjemøtet ved utsegna; “Nærere regler om formene for bispedømmerådets virksomhet gis av Kirkemøtet.”

Diakonikonsulentstillingane har vore svært viktige for diakonien på bispedømmeplan og medverka til opprettinga av mange diakonstillingar og diakoniutval i kyrkjelydane. Signala så langt har vore at det ikkje er planar om å kutte ut desse stillingane, og det vert såleis viktig i neste runde når Kyrkjemøtet skal utarbeide sine retningslinjer for bispedømeråda, at diakonien vert ivareteken.

## DAGLEG LEIAR

Kyrkjelova seier at det skal opprettast dagleg leiar i fellestrådet (§14) og at utgiftene til denne stillinga skal dekkast av kommunen (§15), utan at det seier noko om storleiken på stillinga. Vidare kan soknerådet bestemme at ein av dei tilsette i soknet skal vere leiar (§ 8). Dette vert ei viktig stilling for kyrkjelydane, og vedkomande vil verte næraste overordna for dei andre tilsette. På sikt vonar vi oppretting av ei administrativ stilling vil føre til at kyrkja på lokalplan vil verte ein betre arbeidsgjevar. Men dette føreset at det kjem folk med riktig kunnskap og evner inn i desse stillingane. Diakonforbundet ønskjer at den som er best skikka for oppgåva vert valgt til stillinga, uavhengig av yrkesbakgrunn, dersom ein vel å gje oppgåva til ein i av dei tilsette. Og dersom ingen har

# SVEKKA DIAKONI?

den naudsynte kompetansen, bør ein skaffe folk utanifrå. Mange diakonar/diakonkandidatar som i dag arbeider i det offentlege, har lang leiarerfaring og kan vere potensielle kandidatar til desse stillingane.

## **KVEN VERT SJEFEN - DAGLEG LEIAR ELLER SOKNEPRESTEN?**

Intensjonen i kyrkjelova er at dagleg leiar skal ha ansvar for administrasjon, økonomi og personalansvar. Soknepresten vil framleis vere åndeleg leiar og ha hovudansvar for det kristelege livet i soknet. Vi trur mange prestar vil oppleve det som ei avlastning å verte kvitt mykje av dei administrative oppgåvene og at dei no får større høve til å vere prest. Samtidig vil nok mange som har vore vane med å bestemme over mykje, oppleve dette som eit sagn. I dette vil det kunne ligge kime til konflikhtar. Dette vert ei stor utfordring som krever kommunikasjon og ryddigheit i ein overgangsfase frå alle partar.

## **KONSEKVENSNAR FOR TILSETTE SOKNEDIAKONAR**

Alle diakonar vil heretter verte tilsette av fellesråd, og fellesråd får også ansvar for godkjenning av arbeidsinstruks. Biskopen vil framleis ha tilsynsansvar for diakonar og gje tenestebrev. Kyrkjemøtet fastset tenesteordning for diakon og nærare retningslinjer for m.a. liturgiske funksjonar. I samband med tilsetjing av diakonar, er det viktig at dei retningslinjene for tilsetjing av soknediakon som kom i samband med lov om diakonteneste, og som innstillingsråda i bispedøma har fulgt, vert vidareført inn i ein ny samanheng for å sikre at vi får ein felles tilsetjingspolitikk i kyrkja. § 35 i kyrkjelova seier ein del om medbestemmelse i slike saker, og dette er enno ikkje avklart korleis desse spørsmåla vert løyst.

## **FRÅ GAMAL TIL NY LOV.**

Kyrkjelova vil tre i kraft frå 1.1.97, en-

kelte punkt allereie frå 1. juli 96. I overgangen frå gamal ordning til den nye lova tek til, er det mange spørsmål som skal avklarast og mange ordningar og retningslinjer som skal settast inn i ein ny samanheng. Vi må nok vere budde på at det vil ta tid å

rydde opp i alle detaljar, og Diakonforbundet kan love å bidra til å gjere overgangen lettast mogleg og samtidig vere pådrivar for at diakoniens og diakonars interesser best mogleg vert teke vare på.

## **KVA SEIER LOVA OM DIAKONI:**

### **§ 9. Menighetsrådets oppgaver.**

*1.ledd:* Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, sær-  
lig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsoppløring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

*2.ledd:* Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.

### **§ 15. Kommunens økonomiske ansvar.**

*2.ledd:* Fellesrådets budsjettforslag skal også omfatta utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.

### **§ 23. Bispedømmeråd.**

*3.ledd:* Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og....

*5.ledd:* Bispedømmerådet fordeler statlige tilskudd til særskilte stillinger innen kirkelig undervisning og diakoni etter nærmere regler gitt av departementet.

### **§ 24 Kirkemøtet.**

*2.ledd:* Kirkemøtet skal ha sin oppmerksomhet på saker av felles kirkelig karakter og ellers på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og..

*3.ledd:* c) Kirkemøtet fastsetter kvalifikasjonskrav og tjenesteordning for særskilte stillinger innen kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk.